

# 1 Innleiing

## 1.1 Bakgrunn

I Opplærings- og helseutvalet 14.11.12 vart det bestilt ny sak vedrørande skulehelsetenesta. Bakgrunn for saka er at det i 2010 vart gjennomført ei kartlegging av tilbodet i skulehelsetenesta i dei vidaregåande skulane i Hordaland. Kartlegginga vart gjennomført av Deloitte og synte at skulane har stor variasjon når det gjeld tilgjengeleg helsepersonell på skulen.

I bestillinga heiter det:

*Skulehelsetjenesten er et kommunalt ansvar, men har konsekvenser for elever fylkeskommunen har ansvar for. Det er derfor ønskelig å få utarbeidet en oppdatert statusrapport for skulehelsetjenesten ved de videregående skolene i dag. Statusrapporten bør få frem endringer i dekningsgrad siden forrige politiske behandling og eventuelle særskilte vurderinger fra den enkelte skole. Slike særskilte merknader kan for eksempel være en vurdering av ventetid på hjelpetiltak, tverrfaglighet og om tilbudet er tilpasset den enkeltes skoles utfordringer*

## 1.2 Relevant regelverk

Av § 2-1 i forskrift om helsestasjon og skulehelseteneste går det fram at det er kommunen sitt ansvar å tilby helsestasjons- og skulehelseteneste til barn og ungdom mellom 0-20 år, og dekkjer alle utgifter knytt til desse tilboda. Kommunen skal sørge for å ha tilgang på naudsynt personell for oppgåvene som dei skal utføre jf. kommunehelsetenestelova § 1-3 første ledd nr.1, bokstav b og c. I rettleiar til forskrift om helsestasjon og skulehelseteneste er følgjande sagt om skulehelsetenesta (s.32):

*”Skulehelsetjeneste er en lovpålagt oppgave hjemlet i kommunehelsetjenesteloven. Styrking av helsefremmende og forebyggende helsetjenester til barn og ungdom er et prioritert nasjonalt satsningsområde. Tjenesten er et viktig lavterskeltilbud som skal være lett tilgjengelig for alle elever i Norge som går på offentlige skoler og skoler som kommer inn under privatskoleloven.(...)”*

Det er soleis kommunen som har ansvaret for skulehelsetenesta. Det er vidare fylkeslegen som fører tilsyn med kommunane. Fylkeskommunen har ikkje mynde til å påleggje kommunane å tilby skulehelseteneste av ein viss standard.

## 1.3 Normering og dekningsgrad

Talet på helsepersonell i skulehelsetenesta er ikkje regulert ved lov eller forskrift. I *Forskrift om kommunens helsefremmende og forebyggende arbeid i helsestasjons- og skulehelsetjenesten* heiter det i § 2-1, annet ledd, at:

*Kommunen skal sørge for å ha tilgang på nødvendig personell for de oppgavene de skal utføre, jf. helse- og omsorgstjenesteloven § 3-2 første ledd nr. 1 bokstav a og b, og ha en hensiktsmessig arbeidsfordeling mellom disse.*

Helsedirektoratet publiserte i april 2010 rapporten "IS-1798 Utviklingsstrategi for helsestasjons- og skolehelsetjenesten." Bakgrunn for utarbeiding av rapporten var at Helse- og omsorgsdepartementet ønska ei utgreiing av alternative tiltak for å styrkje kapasiteten i skulehelsetenesta. I rapporten framgår forslag til nasjonal minstenorm for bemanning innan ulike deltenester som inngår i helsestasjons- og skulehelsetenesta. Normeringane er utarbeidde med bakgrunn i anbefalt program i rettleiar til forskrift om helsestasjon og skulehelseteneste, men talet på helsepersonell er ikkje lov- eller forskriftsfesta som minstenorm. Det går fram av rapporten frå Helsedirektoratet at psykologar i helsestasjons- og skulehelsetenesta ikkje er normert, då behovet for slik kompetanse må vurderast ut frå dei konkrete behova i kommunen, samt ut frå kva kompetanse som allereie finst i kommunen. Det blir vidare vist til ulike faktorar som kan bidra til at lokale normtal i kommunane i bør leggjast høgre enn minstenormen som går fram av Helsedirektoratet sin rapport.

Følgjande normering går fram for skulehelsetenesta i vidaregåande skule (s 49):

- Ei helsesøster i 13 % stilling kan følgje opp 100 skulebarn. Det vil seie at ei helsesøster i 100 % stilling kan følgje opp ein skule med 800 elevar.
- Ein lege i 20 % stilling kan følgje opp 800 elevar.
- Ein fysioterapeut i 7 % stilling kan følgje opp 100 skulebarn. Det vil seie at 800 elevar krev 56 % fysioterapeut.
- For yrkesretta utdanning er det behov for ergonomiundervisning. Denne er lagt inn i det befolkningsretta arbeidet.

## 1.4 Samanlikning

Deloitte samla i 2010 inn følgjande for kvar vidaregåande skule i fylket:

- ✓ talet på elevar
- ✓ tilgjengeleg areal for skulehelsetenesta ved skulen
- ✓ timar helsesøster på skulen per veke
- ✓ timar lege på skulen per veke
- ✓ eventuell tilgang på anna helsepersonell i skulen

I rapporten skriv Deloitte at det var få skular som hadde anna helsepersonell enn helsesøster i skulen. For å samanlikna dekningsgraden hjå dei ulike skulane, vart soleis berre dekningsgraden for helsesøster berekna. I og med at denne nye statusrapporten skal sjå på endringane sidan sist, vil det også her sentrera seg om dekningsgrad av helsesøster.

Deloitte skriv i sin rapport at:

*Det er mogleg at nokre tal som blir oppgitt i rapporten med vedlegg ikkje er heilt korrekte, då det i ein del tilfelle har vore naudsynt å gjere eigne berekningar og/eller anslag på grunnlag av dei opplysningane som er motteke frå skulane. Dette for å kunne samanlikne opplysningane frå dei ulike skulane.*

**Same forhold gjeld også for denne statusrapporten.**

## 1.5 Tiltak på bakgrunn av førre undersøking

På bakgrunn av resultatene frå undersøkinga utført av Deloitte i 2010 vart det i Fylkesutvalet 26.09.12, sak 208/12, vedteke å støtte skulehelsetilbodet i dei vidaregåande skulane i Bergen kommune med 1.5 millionar kroner. Løyvinga var eit eingongstilfelle.

## 1.6 Datagrunnlag/metode

På same måte som Deloitte, blei samlege rektorar ved alle vidaregåande skuler i Hordaland fylkeskommune kontakta via e-post. Dei fekk eit skjema som skulle fyllast ut.

Det blei spurt om følgjande:

- ✓ talet på elevar
- ✓ tilgjengeleg areal for skulehelsetenesta ved skulen
- ✓ om skulehelsetenesta har eige lokale
- ✓ timar helsesøster på skulen kvar veke
- ✓ timar lege på skulen per veke
- ✓ eventuell tilgang på anna helsepersonell i skulen
- ✓ særskilte utfordringar ved skulen
- ✓ kommentarar om eventuelle endringar sidan 2010
- ✓ eventuelle merknadar

Etter fire purringar var det framleis fire skuler som ikkje hadde svart: Fusa vgs, Garnes vgs, Lønborg vgs, og U.Phil vgs. Bergen tekniske fagskule, som blei spurt ved førre undersøking, er ein fagskule og har ikkje elevar på vidaregåande skule sitt nivå.

## 2 Oversyn over helsetenestetilbodet

### 2.1 Innleiing

I denne statusrapporten er det fokus på tre tema:

1. Endringane i dekningsgraden når det gjeld helsesøster.
2. Anna helsepersonell ved skulen.
3. Merknader frå den einskilde skulen.

Resultata frå undersøkinga blir vist i to ulike tabellar.

- Figur 1 syner dekningsgraden på dei einskilde skulane og er rangert etter endring frå 2010 til 2013.
- Figur 2 syner kva skulane har rapportert når det gjeld anna helsepersonell tilgjengeleg på skulen.

I og med at skulane rapporterer på ulikt vis, blir ikkje alle tal samanliknbare.

### 2.2 Overordna funn

- ✓ Av dei 41 vidaregåande skulane som svarte, er det berre 6 skular som har opp til, eller over, normert dekningsgrad når det gjeld helsesøster på skulen.
- ✓ Ein kan sjå ei klår auke i dekningsgraden på dei fleste skulane.
- ✓ I snitt hadde skulane ein dekningsgrad på 74 %, medan talet i 2010 var 49 %
- ✓ 30 av 41 skular har auka dekningsgraden sidan 2010.
- ✓ I 2010 var det 5 skuler som ikkje hadde helsesøster på skulen. I 2013 har alle skuler dette.
- ✓ 12 skular nemner at dei har tilgjengeleg lege ved skulen.
- ✓ Få har tilgang til psykolog eller psykiatrisk sjukepleiar/helsearbeidar.
- ✓ Fleire skular nemner at psykisk helse må ha eit mykje større fokus.
- ✓ Ved fire av skulane manglar helsesøster eige kontor.

Totalt sett er det ei positiv auke når det gjeld oppfylling av minstenorm for bemanning av helsesøster ved dei vidaregåande skulane i Hordaland – ei auke frå 49 % i 2010 til 74 % i 2013. Det er likevel få som oppfyller minstenorma.

Framleis er det stor variasjon i talet på timar der helsesøster, eller anna helsepersonell, er tilgjengeleg ved skulen.

## 2.3 Endring av dekningsgrad

Oppdraget var å finne endringane i dekningsgraden sidan 2010. Figur 1 viser endring av dekningsgrad når det gjeld tal timar helsesøster er tilgjengelig på den einskilde skulen. Tala er rekna ut frå minstenorm for bemanning av helsesøster (17,5 timar per 800 elevar). Som ein kan sjå har dei aller fleste skulene fått ei auke i dekningsgraden og ein kan soleis sjå ei forbetring sidan sist.

Hovudfunn for dekningsgrad:

- ✓ 30 av 41 skular har hatt ei auke i dekningsgraden sidan 2010.
- ✓ I 2010 var dekningsgraden i snitt på 49 %, medan det i 2013 ligg på 74 %.
- ✓ Inga vesentlege skilnader når ein ser på skulestorleik.
- ✓ Alle skular har helsesøster – i 2010 var det fem skuler som mangla dette.

Den positive utviklinga er fordelt på dei fleste skulane, uavhengig av storleik. Det er noko større dekning på dei vidaregåande skulane i Bergen kommune. Snittet på dekningsgraden er her på 80 %, mens skulane utanfor Bergen kommune har ei dekningsgrad på 71%. Dette kan sjåast i samanheng med at Fylkesutvalet 26.09.12, på bakgrunn av førre rapport frå Deloitte, løyvde 1.5 millionar kroner for å styrka helsetenestetilbodet i Bergen kommune.

Skule	Elevtal	Areal tilgjengeleg for skulehelsetenesta (kvm)	Har skulehelsetenesta eige lokale?	Timar helsesøster på skule	Dekningsgrad helsesøster 2013	Dekningsgrad helsesøster 2010	Endring (prosentpoeng)
Fitjar vgs	203	10	Ja	15	157 %	0 %	157 %
Rubbestadnes vgs	166	15	Ja	9	115 %	0 %	115 %
Bømlo vgs	250	20	Ja	7,5	64 %	0 %	64 %
Tanks vgs	328	Ca 27	Ja	15	97 %	34 %	63 %
Bergen Katedralskole	420	Ca 12	Ja	20	101 %	39 %	62 %
Bergen maritime vg	288	Ca 18 kvm	Nei	16	118 %	56 %	62 %
Norheimsund vgs	130	25	Ja	6	98 %	40 %	58 %
Bergen Handelsgymnasium	430	Ca 6 m2	Ja	18,75	93 %	39 %	54 %
Austrheim vgs	260	12,4 M2	Ja	9,5	78 %	25 %	53 %
Arna vgs	134	16 (kvm)	Ja	6	95 %	43 %	52 %
Etne vgs	86	3 rom til saman ca 26 kvm.	Nei	2	49 %	0 %	49 %
Hjeltnes vgs	29	Elvinspektør rom eller får bruka bibliotek	Nei	2	147 %	100 %	47 %
Stend vgs	360	31,6 kvm2	Ja	15	89 %	44 %	45 %
Odda vgs	300	Ca. 35 kvm	Ja	15	106 %	66 %	40 %
Bjørgvin vgs	500	5m2	Ja	18,79	80 %	43 %	37 %
Langhaugen vgs	575	20 + et lite hvilerom	Ja	19	70 %	34 %	36 %
Årstad vgs	850	Alle helsetjenestene vil bli samlet i et område.	Ja	35	88 %	53 %	35 %
Tertnes vgs	475	27,8	Ja	15	67 %	39 %	28 %
Øystese gymnas	207	10	Ja	5	51 %	24 %	27 %
Stord vidaregåande skule	900	Vabakkjen 6 m2 Saghaugen 8,8 m2	Ja	15	35 %	16 %	19 %
Fana gymnas	495	19 kvm	Ja	19	82 %	63 %	19 %
Fyllingsdalen vgs	585	12 kvm	Ja	16	58 %	42 %	16 %
Sandsli vgs	508	42	Ja	15	63 %	47 %	16 %
Slåtthaug vgs	485	25	Ja	18,75	82 %	71 %	11 %
Os vgs	480	19,7 kvm	Ja	8	35 %	27 %	8 %
Laksevåg vgs	734	52,9 Kvm (3 kontor, venterom, toalett)	Ja	30	87 %	82 %	5 %
Sotra vgs	870	39	Nei	24	59 %	55 %	4 %
Nordahl Grieg vgs	850	16 kvm	Ja	28	70 %	67 %	3 %
Åsane vgs	450	12 kvm	Ja	12	57 %	54 %	3 %
Kvinnherad vgs	400	Ca 9	Ja	3	16 %	14 %	2 %
Askøy vgs	542	15 kvm	Ja	11	43 %	45 %	-2 %
Os gymnas	275	14 km2	Ja	7,5	58 %	63 %	-5 %
Knarvik vgs	1000	10	Ja	41,25	88 %	96 %	-8 %
Austevoll vgs (og fagskule)	194	20 KVM	Ja	5,25	58 %	66 %	-8 %
Voss vgs	300	9-10 kv.meter	Ja (låner eit kontor)	5	35 %	44 %	-9 %
Osterøy vgs	188	6-7 kvm	Ja	7,5	85 %	100 %	-15 %
Olsvikåsen vgs	450	Ca. 25 m2	Ja	12,5	59 %	76 %	-17 %
Voss Jordbruksskule	170	Kontor i internatbygget vårt.10m2	Ja	4	50 %	67 %	-17 %
Voss gymnas	341	10	Ja	4	25 %	44 %	-19 %
Voss Husflidsskule	107	11,34	Ja	3	60 %	89 %	-29 %
Rogne vgs	85	Ca 9 m2	Ja	2,63	66 %	100 %	-34 %

Fig. 1 Endring i dekningsgraden.

## 2.4 Anna helsepersonell

Det er stor variasjon når det gjeld kva anna type helsepersonell dei ulike skulane har. Det er difor lite hensiktsmessig med ei samanlikning mellom skulane. I figur 2 kan ein sjå kva skulane har rapportert når det gjeld anna helsepersonell til stades ved skulen.

Hovudtendensen er dette:

- ✓ 12 skular nemner at dei har tilgjengeleg lege ved skulen.
- ✓ Få har tilgang til psykolog eller psykiatrisk sjukepleiar/helsearbeidar.
- ✓ Ein skule har fysioterapeut ein dag i veka.

29 av 41 skular gjev tilbakemelding på at dei ikkje har tilgjengeleg lege ved skulen.

Det er ikkje sett ei minstenorm for psykolog i helsetenesta, men skal etter lova tilpassas etter behov. 9 skular gjev tilbakemelding på at dei har psykolog eller psykiatrisk sjukepleier/helsearbeidar tilgjengeleg ved skulen i enkelte periodar (frå tre dagar i veka til kvar 14. dag). Andre skular nemner at dei kan visa til helsestasjon eller kommunepsykolog når det gjeld psykisk helse. Som det vil koma fram i punkt 2.5 *Merknadar frå skulane*, er det eit aukande behov innan psykisk helse.

Ein skule seier det slik:

«Skolen ynskjer å få tilført midlar slik at vi kan gi et tilbod til elevar som har behov for kontakt med lege og skolepsykolog»

Skule	Elevtal	Timar lege på skule (pr. veke)	Anna helsepersonell
Fitjar vgs	203	2 t/v	Psykisk helsearbeider etter henvisning fra helsesøster, 20-40 % stilling rettet mot barn og unge under 18 år, fordelt på helsestasjon og skolehelsetjeneste. Skolelege etter henvisning fra helsesøster, tilgjengelig en dag i uken.
Rubbestadnes vgs	166		
Bømlo vgs	250	0	+ psykiatrisk sjukepleiar tilgjengeleg kvar 14.dag
Tanks vgs	328		
Bergen Katedralskole	420	0	0
Bergen maritime vg	288	0	0
Norheimsund vgs	130	6 % - 20% på 3 skular	2 stk Sjukepleiarar som lærarar
Bergen Handelsgymnasium	430	0	0
Austrheim vgs	260	Ikke egen lege, men helsesøster kan formidle time til lege i kommunehelsetjeneste	-Helsesøster deltek fast i skulen sitt Ressursteam saman med OT/PPT timar anna kvar veke, timane vert tatt av vekeressurs på 9.5 time
Arna vgs	134	0	0
Etne Vidaregåande skule	86	0	Ikke noko fast, men etter avtale kan team for psykisk helse ta imot elevar på skulen.
Hjeltnes vgs	29	-har god legedekning i heradet, ingen ventetid	ingen
Stend vidaregåande skule	360	0	Fysioterapeut – førebygging, 2 timar knytt til avdeling for idrett
Odda vidaregåande skule	300	0 timar	nei
Bjergvin vgs	500	0	0
Langhaugen	575	1.5 timer	Nei
Årstad vgs.	850	Tysdagar fram til kl.11.30	Psykolog måndag, tysdag og torsdag. Fysioterapeut på onsdag.
Tertnes vid.	475	2	Psykolog 7,5 t/u
Øystese gymnas	207	1 dersom nokon vil snakka med han	
Stord vidaregåande skule	900		Skulen har pr. dags dato psykisk helsefagarbeidar i 40 % stilling
Fana gymnas	495	0 timer	0 timer
Fyllingsdalen vgs	585	0	Ungdomsmiljøarbeider 4 t en dag per uke + tilbud om psykologtjeneste en dag per uke i samarbeid med Fyllingsdalen helse-stasjon Oasen
SAV	508	0	0
Slåtthaug	485	0	Ønsker en ressurs til psykolog og lege
Os vgs	480	0	0
Laksevåg vgs	734	0 timer, er en liten stillingsbrøk men har ikke vært besatt de siste årene. Arbeides med å få tilbake	Psykolog : 7,5 timer + 1dag i mnd (25% stilling). Psykologstillingen er redusert med 5% fra 2013
Sotra vidaregåande skule:	870	5	
Nordahl Grieg	850	Ingen	ingen
Åsane vgs	450	5 t X15 dager pr.år	Skolepsykolog 7.5t pr.veke
Kvinnherad vidaregåande skule	400	Tilgjengelig i helsestasjon for ungdom. Møter på skulen 3 – 4 gonger pr. år i førebyggjande kurs/ samlingar for	0
Askøy vgs	542	3 timar i veka	Ungdomskontakten er her 4 timar i veka.
Os gymnas	275	0	0
Knarvik vgs	1000	Ingen skolelege siste 10 år	Psykolog 70 % stilling ( i prosjekt ut 2013)
Austevoll vgs (og fagskule)	194	0	Helse stasjon for ungdom er open kvar tysdag i tidsrommet 15.00 - 16.30. Lege og jordmor er tilgjengeleg. Helsesøster kan formidle avtale dersom det er ønskjeleg.
Voss vgs	300	0	Avd Granvin (elektro) har kommunal helsesystemer som er nokre timar pr veke.
OST	188	0	Helsesøster henviser til kommunepsykolog (god dekning)
Olsvikåsen vgs	450	Har ikke lege, selv om det er sagt at vi skulle få lege	Skolepsykolog. 12 t annenhver uke ( 6 timer per uke)
VOSS JORDBRUKSSKULE	170	0	-
Voss gymnas	341	0 t/v	Ingen andre tilbod
Voss Husflidskule	107	Elevane har tilgang til turnuskandidat på Helsestasjon for ungdom måndag ettermiddag.	
Rogne vidaregåande skule	85	Helsestasjon for ungdom kvar måndag ettermiddag, der turnuskandidat er tilgjengeleg. I tillegg har ein lege ca 4 timar pr veke (?)	N

Fig. 2. Lege og anna helsepersonell



## 2.5 Merknadar frå skulane

I skjema som blei sendt til skulane kunne dei fylle inn merknadar for særskilte utfordringar ved skulen, kommentarar om eventuelle endringar sidan 2010 og eventuelle andre merknadar.

### 2.5.1 «Særskilte utfordringar ved din skole»

#### Psykisk helse

På spørsmålet om særskilte utfordringar svarte dei fleste rektorane utfordringar rundt psykisk helse.

Her er nokre av svara:

- Fleire og fleire elevar med psykiske vanskar
- Aukande behov knytt til psykisk helse.
- Mye psykiatri
- Mental helse, mange unge sliter
- Det er ein auka bruk av helsesystem generelt. Ein ser òg eit auka behov rundt psykisk helse, spiseforstyrningar og rusproblematikk
- Mange elevar som trenger hjelp (psykiatri, barnevern med meir)
- Helsesøster melder også at tal elevar med psykiske vanskar har auka i takt med elevtalet.
- Psykisk helse, fråværsproblematikk
- Stor avdeling med tilrettelagt opplæring, og mange elevar med psykososiale utfordringar.
- "Jenteskole" Søvnproblemer, depresjon/trist, ernæring, skoletrøtt som ofte fører til FRAVÆR
- Ved denne skolen er det helst søvnproblemer, depresjon/føler seg triste, dårlig ernæring og skoletrøtt som går igjen. Det handler mye om psykisk helse!

Som tidligare nemnt er det ikkje sett ei minstenorm for psykolog i helsetenesta, men etter lova skal denne kompetansen tilpassast behov. Ein kan sjå at behovet for helsetenester innan psykisk helse er stort og at det ikkje blir dekt godt nok av den eksisterande helsetenesta ved dei vidaregåande skulane.

#### Hybelbuarar

Det kom fleire tilbakemeldingar på at skular der mange av elevane er hybelbuarar, har særskilte utfordringar:

- Skulen har mange elevar frå Bergensområdet som «flyktar» frå heimesituasjonen sin. Helse-system brukar enormt med tid på ungdom med helseproblem. Relasjonsproblematikk og konflikhtar, rus osv.
- Som yrkesfagskule med stor del karaktersvake elevar og mange hybelbuande er det eit stort behov for skulehelseteneste
- Mange (15 %) hybelbuarar grunna landslinja

## 2.5.2 Endringar sidan 2010

Dei aller fleste skulane har som nemnt fått eit betre skulehelsetilbod sidan 2010 og kommentarane frå skulane omtalar dette i størst grad.

### Positive

- Utviding av ressursen var positivt
- Auke i ressursen til helsesøster, har no 40 %
- Vi har fått en økning i helsesøster ressursen
- Inneværende år har vi fått økt psykologtilbud + økt med helsesøstertjeneste en dag 4 timer
- Helsesøsters tilstedeværelse har økt med ½ dag.
- Fungerer bedre nå enn i 2010
- Auka helsesøster-teneste frå ein til to dagar per veke!

### Negative

- Helsesøstertenesta har vært trua av nedlegging og dei vidaregåande skulane har saman jobba for at Os kommune skal oppretthalde dette tilbodet. Det er svært viktig for Os gymnas å ha helsesøstertenesta da det ikkje er andre liknande tilbod ved skulen
- Nedgang både helsesøster og lege
- Vi har ikkje lengre skolepsykolog ved skolen. Den forsøksordninga ble ikkje vidareført
- Skoleåret 11/12 var vi mange mnd. helt uten, grunnet sykdom. Vi fikk vikar etter skriftlig protest, men ved skolestart 2012 ble det igjen en reduksjon til vel 20 %.
- Auke av etterspurnad i forhold til psykisk helse. Mange ungdommar slit. På grunn av kommunøkonomien har helsesyster redusert tilbod på vgs-skulane.
- Manglar fortsatt skulelege!